Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. | Fylke: Möre
Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Volda
Emne: Transport av höy | Bygdelag: Austefjorden
Oppskr. av: M. K. Gursdal | Gard: Gursdal
(adresse): Austefjord Volda | G.nr. 62 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Uppskrift etter eigi röynsle og mine fedres utsagn.

SVAR

På dei etter måten små gardar i Volda hev det etter måten endra seg mykje med transporten av höy – mest siste 30 åre.

Få gardar er frå natura si side fengje so flate vollar at då hjulreidskap for hest vart tekje i bruk for umlag 70 år sidan, at desse kunde nyttast kvar som helst på böane t d å henta höyet soleis med hjulreidskap. Det laut fyrst rydjast köyrevegar. Ja, til å med for „drag sledar med meiar," laut det ofte leggjast ned arbeid för det var mogeleg å koma fram med „hest og slede". som det heitte.

I bratt "lende" vart råhöyet oftast "sloga fram" – til dei meir opne plassar eller til røser og vegane. Der vart gjennast höyet turka – i sola, eller i hæs (hesja). Derifrå til löda oftast bore i byrder på ryggen i „byrdetög" i turka tilstand. Dette var ein nokso vanleg transport i min farfars og til dels og i min fars tid for 25–30 år sidan.

Dette med vegane og transporten hev endra seg litt etter kvart, men vart eit vilkår

324

for å kunne nytta hest. „Slogen" vanleg 2 m lang. 2

Slogen som höjet vart „saman sloga med",
var som vanleg ei eller tvo bjørkegreiner
med rikeleg lauv på. På slogen la dei
höjet til vanleg i „Sjembe". Det vil segja:
Höjet vart kårda saman med rive
mest mogeleg gjennomstrå'a, for dervéd å ligge
meir sikkert på slogen. Skulde der=
imot höjet transporterast på skrå's etter
ein bakke, vart slogen forkasta. Då vart
det nytta „berebånd". Berebånd var
ein fin „bjørke renning" kløyvd som hesje=
band frå toppen og heilt at tjukkenden.
Ved å knyta saman båe kløyvningane
var dette nytta å bera råhöjet fram or ulende.
Ei råhöjbyrde var lett å slengja av seg
når ein nytta berebånd. Soleis ~~er~~ billig og praktisk i ulende, og lett ~~are~~
å tilvenda seg.

¶. Det var nok mest naturvanskane
som gjorde største skilnaden på måten
å transportera höjet på. Her var etter til=
høva liten skilnad på plassemenn og
gardmann før i dette stykke. Derimot
har skilnaden auka for plassemenn i
dei siste åra, med di plassemenn har til
vanleg ingen hest i höjonna. Det er
nokso vanleg her å rekna berre dei
„Hestelause" gardsbruk for „plassemenn"
på desse kantar.

Dei fleste gardsbruk hadde „Markeslætte"
Til dels var desse til og med ogsø i höjfjellet.
Markeslætta var matrikulerte til bruka og dei
eldste bruka hadde til vanleg mest gra av desse.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Det hev vore nokso vanleg at bykslemenn ogso fekk markeslått som høyrde med til bykslet. Transporten frå desse fjellslettá var til sine tider ei vand avferd. Oftast vart det bruka „meis" og vart rulla ned frå fjellet i denne. Til vanleg gjekk det eit lass råhøy inn i ei meis.

Der strandsida frå fjellet låg ved vatn eller ved fjorden, vart „Meisane" med høyet i velta inn i båt og rodd heim soleis. Der det vanta veg og hestehjelp.

For 50 år sidan, kom løypestrenger i bruk ogso for transport av høy frå fjellslatta.

„Meisane" var saman snørde av to halvor ved sokalla „lisse tog". Høyet vart tjumbt i stakk på eine halva. Den andre vart kvelvd over toppen. Soleis vart „Meisa" samanlissa ved markekanten til ei fast kuleforma rull som trilla lett nedetter fjellsidene. Kvar Meisahalve var ein sokalla Snøresekk av hampetog, med 10-15 cm maska. Om kring kantane var eit tjukkare tog på båe halvene vart kalla „Kringen". Over denne vart „Lissotoget" trædt for samansnøringa. Hampen som meisane vart laga av, vart spunnen heime av heimeavla hamp og „Kjegla" til tog på heimelaga Kjegle. So seint som turkeåret 1933 med lite høyvekst. Vart det nytta Meis på vår gard.

Beretung for høy er ukjendt her. Men ved nytting av dragstede (Sede med 2 meiar) vart framleis nytta tang over lasset til køyring av råhøy.

Den ser so ut-  Tangremane x av



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Klyvde ungbjörker på 2 toms legg. 4

Løypestrengen er eit forholdsvis rekna for å vera eit heller ungt y moderne transport middel. Dette er til sine tider nytta enno. Til band vert helst nytta sma byrdetog med „hovd" i bakka på töget som er av ein samanböygd eine. Hovda ser slik ut .

Eit byrdetog er lettfört imot det ein kallar „Tangsim". Tangsimen er det vi kallar toget ein bind eller feste i tanga på höjvogn eller höjslede ved transport av höj. Med slede meinast her utan hjul. „Meidaslede" kallast det. Höjvogn er med 2 hjul. Kallast ogso i Telemark stundom for: „Höjkjerra."

3/ Få nyttar no Höjlöde ute i tærenget her. Det vert plassert i fellesloda heimo på tunet med ein gong. Eine fjellgard Osdal hev enno sokalla Skogalöde for di avstanden er stor. Vetterföret er solis lite nytta

4./ Sjå ovanfor vedkomande Tanga y tangsimen
Her vert det nytta mest berre Höjvogn med 1 hjulpar under mitten av vogna. I dei ~~[illegible]~~ siste åri (15 à 20) hev ein her arbeidt seg Höjkorger på vognene. Det er grendar ein set isaman på kanten av vogna y feste der i ein 4 kant. Ved å nytta Höjkorg slepp ein dei sokalla jordinger med Tang y tangsim. Born er nytta til arbeid i höjonna. Dei er serleg nyttige å ha i höjkorga. Det gjeng ca 4 byrder med turt höj til å fylla ei Höjkorg.

5/ Berre ei Seeter hev no sætrekvie slatt her som eg kjenner til. Aldalen i Hjarta-



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

bygda. Der gjeng transporten heim fyre-
seg etter bygdevegen med vogn.

Hermed er eg svara på
det vikligaste av av spursmålet:
„Transport av høy"

Det drog litt lenger ut. Det lyt
de orsaka meg da eg har vore borte på arbeid

Austefjord Volda
16 mars 1947
M. K. Grasdal

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
324